

Lovande sesongstart: 40 i Hobbyklubben!

31.08.2009



Rundt 40 møtte til sesongstart i Hobbyklubben. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Det held fram der det slutta før ferien: Hobbyklubben i Bedehuset hadde ein svært lovande sesongstart mandag kveld, med rundt rekna 40 frammøtte. Deltakarane la for dagen stort engasjement og fann stort sett fram til dei aktivitetane dei vil satsa på denne sesongen. Dei har valet mellom modellbil, avis (Uskedalsposten), foto, hobby og mat.



John Harald Kjærland og Oddbjørg Heimark skal leia to grupper. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Klubben er open for deltakarar frå femte klasse og har ingen øvre aldersgrense. Fotogruppa er eit unnatak, der startar dei frå åttande klasse. Denne gruppa har også ein halv time lenger klubbmøte enn dei andre - frå 19 til 21.

Rune Hjørnevåg har ansvaret for bilgruppa og Hans Ordin Østebø/Ivar Langeland for fotogruppa, medan Oddbjørg Heimark/John Harald Kjærland tek seg av grupper for hobby og mat. Avisgruppa blir leia av Britt Torill Mathiesen og Ola Matti Mathisen.

Som i fjor vil Hobbyklubben også engasjere seg i trafikktryggleiken når det etter kvart blir mørkare kveldar. I oktober vil det bli delt ut refleksvestar og så blir det spanande å sjå kven som blir flinkast til å bruka dei. Premiering ventar utpå vårparten.